
Vår referanse 2020/49965-22
Dato 29.10.2020

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Presisering av trekt klage - Bruksendring - Gnr 1 bnr 80 og 285 - Flatøy - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til vårt brev datert 28.10.2020 der vi trakk vår klage på vedtak om dispensasjon for bruksendring og krav i KPA for gamle Meland kommune til opparbeiding av parkeringsplassar av 17.09.2020. Vi vil med dette presisere at klaga er trekt i forhold til bruksendringa og ikkje i høve krav i KPA om opparbeiding av parkeringsplassar.

I vedtak fatta av utval for areal, plan og miljø, APM- 108/20 Vedtak, framkom det ikkje tydeleg at vedtaket svara på begge dispensasjonssøknadane som vart slått saman i ei sak ved siste behandling av saka. Den komplekse sakshistorikken og samanslåing av saker, samt ordlyden i vedtaket gjer at Vestland fylkeskommune ønsker å presisere på kva grunnlag vi trakk vår klage av 28.10.2020.

Vi mottok 26.10.2020 e-post med vedlagt parkeringsavtale frå tiltakshavar som skulle ivareta vilkår for bruksendringa frå naust til næringslokale. Ei slik avtale innfrir vilkåret om alternativ parkering i anleggsfasa for bygging av kollektivknutepunkt og innfartsparkering.

Vi trakk klagen som gjaldt bruksendringa på dette grunnlaget. Men vi ynskjer å presisere at den delen av klagen som gjeld dispensasjon frå krav i KPA om opparbeiding av parkeringsplassar framleis gjeld.

På kort sikt betyr dette at parkeringsbehovet i anleggsfasen er ivareteke. På lang sikt vil det likevel vere viktig at parkeringskravet står. Difor ber vi om at den delen av klagen som går på dispensasjon frå parkeringskrav vert teke opp til behandling. Dette for å unngå ein framtidig situasjon med villparkering langs fylkesveg og på innfartsparkering tiltenkt kollektivreisande.

Vi viser til grunngjevinga i uttala vår til dispensasjonssøknaden:

Vi rår ifrå å dispensere frå parkeringskrava i KPA. Vi meiner at tiltaket har behov for eit visst antal p-plassar knytt opp mot drifta. Manglande parkeringsareal vil kunne føre til parkering på offentlege p-plassar eller på/langs offentlig veg. Dei offentlege p-plassane er sett av til innfartsparkering og er eit viktig ledd i strategien om å få fleire reisande over på kollektiv og begrense bilbruk. Det er difor svært viktig at desse p-plassane ikkje blir beslaglagt av andre enn dei som faktisk nyttar seg av kollektivtilbodet.

Vi legg til grunn at Alver kommune sikrar dekkande parkeringsavtale som imøtekjem både områdeplankrav og våre vilkår om alternativ parkeringsløyising i anleggsfasa.

Med helsing

Hege Løvteit
leiar

Silje Svanevik-Røren
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

Øystein Sulebakk

Grønlandsvegen 20

STATENS VEGVESEN

Postboks 1010 Nordre Ål

FYLKESMANNEN I
VESTLAND

Njøsavegen 2